



Mottakere ifølge liste

Vår ref. 20/365-3      Dykkar ref.      Sakshandsamar Monika Lysne      Direktør      Arkiv      Dato: 15.05.2020

## **Planendring Gravdalen kraftverk - svar på høyringa frå Lærdal kommune**

Kommunestyret i Lærdal har fått søknad om planendring for Gravdalen kraftverk til høyring (dykkar saksnr. 200703928). Saka vart behandla i kommunestyret i Lærdal 07.05.2020, og det vart gjort følgjande vedtak (einstemmig):

### **KS-031/20 Vedtak:**

*Kommunestyret rår frå at det vert gjeve løyve til planendring av Gravdalen kraftverk slik søknaden ligg føre, og rår til at det ikkje vert gjeve utsett byggjefrist til utbygginga. Kommunestyret rår og til at det ikkje vert gjeve fritak til Østfold Energi frå deltaking i GPSprosjektet. På grunn av den endra situasjonen og auka sårbarheita til villreinen i Nordfjella knytt til reetableringsfasen og samanfallande anleggsperiode, kan ikkje kommunestyret stille seg positiv til planendringssøknaden som ligg føre. Tiltaket er ikkje i tråd med Regionalplan for Nordfjella villreinområde og nasjonale og regionale føringar om å ivareta leveområda til villreinen mest mogleg utan nye inngrep.*

*Dersom NVE likevel finn at planendringssøknaden skal godkjennast, vil kommunestyret sterkt rå til at desse vilkåra vert sett til løyvet:*

- Anleggsperioden vert gjennomført og avslutta før reetableringsfasen av villreinstamma i Nordfjella vert starta. Dersom noko mindre arbeid står att, skal dette gjennomførast i sommarmånadane etter kalvingstida er ferdig.*
- Det kan ikkje etablerast anlegg som kan verke som barrierar for villrein. Det vil sei at røyr må gravast heilt ned, nye vegar må skråast i kantane og det kan ikkje gjennomførast tidleg brøyting av vegar (berre mindre snøfonner ved opning av vegen kring 1. juli)*
- Kraftstasjonen må etablerast i fjell/under bakken som tidlegare planlagd*
- Dersom anleggsdrift vert tillete ut i reetableringsfasen for villreinstamma: Det vert sett strenge restriksjonar for anleggsdrifta. Det må blant anna vere minimalt med snøscooterkøyring i området knytt til drift og vedlikehald av anlegget, spesielt i kalvingsperioden til villreinen. Direkte overflyging med helikopter over reinsdyra må unngåast, og bruk av helikopter må vere forbode før, under og rett etter kalvingsperioden. Restriksjonar og vilkår bør utarbeidast i tett dialog med Villreinemnda.*
- Det vert ikkje gjeve fritak frå deltaking i GPS-prosjektet.*
- Det vert sett krav om at Østfold Energi betalar inn årleg sum til kommunalt fond for forvaltning av villrein i Nordfjella.*

*Kommunestyret vil og sterkt rå til at eit eventuelt vedtak om å gje løyve til planendringa, vert gjort på bakgrunn av eit betre kunnskapsgrunnlag enn det som ligg føre i søknaden i dag om konsekvensane anlegget kan ha for villreinen i både anlegg- og driftsperioden vurdert opp mot endringane i søknaden og reetableringsfasen til villreinen i Nordfjella, jf. Naturmangfaldlova § 7 og §§ 8-12.*

Viser elles til vedlagde sakspapir for grunngjeving og vurdering for vedtaket.

Saka vert sendt ut til dei andre høyringspartane og kommunane i Nordfjella villreinområde til orientering.

Med helsing

Monika Lysne  
arealplanleggjar

*Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift*

**Vedlegg:**

**Dok.dato**  
15.05.2020

**Tittel**

Søknad om planendring for  
Gravdalen kraftverk -  
høyringsinnspel frå  
kommunen

**Dok.ID**  
164200

**Kopi til:**

Aurland kommune	Vangen 1	5745	AURLAND
Fylkesmannen i Vestland	Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER
Hemsedal kommune	Hemsedalsvegen 2889	3560	HEMSEDAL
Hol kommune		3576	HOL
NVE (sakshandsamar)			
Ulvik kommune			
Vestland fylkeskommune			
Villreinnemnda for Nordfjella (sekretær)			
Villreinutvalet Nordfjella	v/Lars Nesse	6888	BORGUND
Østfold Energi AS	Kalnesveien 5	1712	GRÅLUM
Ål kommune	Torget 1	3570	ÅL

**Mottakarar:**

Norges Vassdrags- og  
Energidirektorat (nve)  
NVE (epost)

Postboks 5091 Majorstua 0301 OSLO

KOPPI